



Arkivsaknr: 2024/5812-14
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for utlegging av flytebryggje i tilknytning til eksisterande kai og naust– gbnr 141/38 Kvamsvågen 24

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen ifrå tiltakshavar i sak 2024/5812, datert 24.09.2024, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket av 05.09.2024 vert oppretthalden og lyder:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå plankravet kytt til småbåtanlegg innan BAB gjeve i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen pkt. 2.2 og frå plan-og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving går fram av vurderinga i denne saka.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 959/2024

Tiltak: Flytebryggje, landgang og gangsti
Søknadstype: Dispensasjon
Eigedom: Gbnr. 141/38
Adresse: Kvamsvågen 24, 5911 Alversund

Tiltakshavar/eigar: IVAR AUSTLID

Klagar: Tiltakshavar

Synfaring: Klagar ønskjer synfaring

Saka gjeld klage på delegert vedtak av 05.09.2024 om avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet kytt til småbåtanlegg innan BAB gjeve i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen pkt. 2.2 og frå plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8 som gjeld byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjøen. Tiltaket er utlegging av flytebrygge samt etablering av landgang og gangsti knytt til eigedom gbnr 141/38 i Kvamsvågen. Det er i søknad opplyst at flytebrygga har ei lengde på 20 meter og ei breidde på 3 meter. Naust på 45m² er godkjent den 16.03.2022 - sak 022/06 i Lindås kommune.

Vedtaket av 05.09.2024 har følgjande ordlyd:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå plankravet kytt til småbåtanlegg innan BAB gjeve i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen pkt. 2.2 og frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving går fram av vurderinga i denne saka.»

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.

Vurderingstema APM

APM skal vurdere dispensasjon etter pbl. § 19-2 frå plankravet kytt til småbåtanlegg innan BAB gjeve i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen pkt. 2.2 for utlegging av flytebrygge samt etablering av landgang og gangsti knytt til eigedom gbnr 141/38 i Kvamsvågen.

APM skal vurdere dispensasjon etter pbl. § 19-2 frå pbl. § 1-8 som gjeld byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjøen for utlegging av flytebrygge samt etablering av landgang og gangsti knytt til eigedom gbnr 141/38 i Kvamsvågen.

Klage

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar over delegert vedtak av 05.09.2024.

Det er mottatt tilleggsopplysningar frå tiltakshavar, datert 26.10.2024. opplysningane gjeld vær- og sjøforholda i Kvamsvågen, naboanes ønske om ein bølgebrytar på østsida av Kvamsvågen samt ei utgreiing om kulturmiljøet i Kvamsvågen.

Klagerett og klagefrist

Part i saka har klagerett.

Vedtaket av 05.09.204 er sendt ut den 12.09.2024. Klagen er rettidig mottatt (innan rett tid) den 24.09.2024.

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Planstatus

Eigedomen er uregulert, arealet på land og til sjøs er omfatta av [kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen \(KDP\)](#). Arealet på land er avsett til bustad, medan arealet i sjø er avsett til andre bygg og anlegg (BAB) småbåtanlegg med eit generelt plankrav gjeve i KDP pkt. 2.2. Arealet avsett til BAB har ikkje byggegrense mot sjø.

Dispensasjon

Tiltaka krev og det er søkt om dispensasjon frå plankravet KDP pkt. 2.2 og frå byggeforbodet langs 100 meters beltet langs sjø gjeve i pbl. 1-8.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 31.07.2024. Ålmenn ferdsel på land er ikkje aktuelt. Landskap og friluftsliv på sjø er aktuelt. Tiltaka ligg i den indre farleia som er rekna som kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Tiltaket er stort for å berre sørve ein bustad. Det er allereie ei brygge på eigedomen. Det er unødvendig å ta i bruk meir strandlinje for eit småbåtanlegg.

Reguleringsplan for område vil kunne vurdere dei beste plasseringane for småbåtanlegg eller fellesanlegg samt kva storleik ein kan ha på brygger. Ein reguleringsplan kan også vurdere dei beste løysingane for skjerming mot bølger på ei meir heilskapleg måte. Tiltaket medfører ei bit for bit utbygging som vil vere uheldig i området. Området ligg i sone to i planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Områda har press på areala. I slike områder skal det mykje til for å dispensere frå plankravet.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon som omsøkt.

Det er henta inn uttale frå Bergen hamn farvannsforvaltning, datert 30.06.2024. Dei omsøkte tiltaka vil ikkje komme i konflikt med omsyna etter havne- og farvannslova.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering og terrenghandsaming


Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan, vedlegg 8 motteke 08.08.2024.

På situasjonsplanen er minste avstand til nabogrense vist til å vere mindre enn 4 meter. Det er per no berre søkt om dispensasjon frå arealformål. Planlagt plassering krev at det enten ligg føre avstandserklæring frå eigar av gbnr 141/20, eventuelt krev plassering at det ligg føre dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4. Det er i klageomgangen sendt inn avstandserklæring frå gbnr 141/20, datert 24.10.2024, for flytebryggje med tilgangsbryggje.


Det er i søknad opplyst at planlagt tiltak er til gbnr 141/38 sitt eige private bruk og at einebustaden har tilstrekkeleg parkering. Situasjonsplanen viser plassering av tiltaka. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Kart/foto


Oversikt



Gbnr 141/38




Byggegrense mot sjø (grå stipla linje)




Ortofoto




Teikning vedlagt søknaden frå tiltakshavar





Situasjonsplan, vedlegg 8 motteke 08.08.2024 til søknaden



Snittteikning



Vedlagt frå tiltakshavar
«BILDET VISER EKSISTERENDE GANGSTI
OG TRAPP NED TIL DAGENS NAUST
(RØDMARKERING). DENNE STIEN OG
TRAPPEN VIL BLI BRUKT TIL
FLYTEBRYGGEN OGSÅ.»



Bilete vedlagt frå tiltakshavar



Kommunal flytebrygge godkjent i historisk sak 1996/3411 i tidlegare Lindås kommune på eigedom gbnr 141/11 som gjeld flytebrygge omfatta av reguleringsplan Kvamsvågen/planid.: 1263-25082004:

**SAK 253/96 MELDING OM ARBEID ETTER PBL § 84 - FLYTEBRYGGJE
LINDÅS KOMMUNE - GNR.141 BNR.052 - NEDRE KVAMME**

Saka er handsama av forvaltningssjefen etter fullmakt frå rådmannen.

Dokument:

Melding om arbeid datert 18.07.96

Kvittering for sende nabovarsel

Situasjonsplan 1.1000

Teikning

Søknad til Bergen og omland havnevesen

Bergen og omland havnevesen sitt vedtak datert 25.10.96

Brev frå Andre Baraldsnes og Oddrun Skaar dat. 27.08.96

Saksutgreiing:

Kommunen skal leggja ut flytebryggjer, som del av arbeidet med å sikra ein offentlig badeplass i Kvamsvågen. Bryggja er 36 m lang og har båsar på sørsid.

Andre Baraldsnes og Oddrun Skaar (gnr.141 bnr.7) er naboar på nordsida av anlegget. I brev dat. 27.08.96 legg dei fram synspunkt på kva slags rettar eigedommen har i sjøen utanfor.

Kommunen som søkjar har sagt seg villig til å auka avstanden til 2,5 m frå nabogrensa og frå forlenginga av grenselinja ut i sjøen, slik at bruken av gjesteplassane på nordsida av flytebryggja ikkje skal komma i konflikt med naboeigedommen sine rettar.


Med denne endringa og dei vilkåra som Bergen og omland havnevesen set i sitt godkjenningsvedtak datert 25.10.96, meiner forvaltningssjefen at det er teke rimelege omsyn til både private og offentlege interesser i området.

Vedtak:


Forvaltningssjefen har ingen merknader til melding om arbeid etter Plan- og bygningslova § 84, eller til løyve gjeve av Bergen og omland havnevesen 22. november 1996p-2

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagte orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).

Situasjonskart – kommunal flytebryggje



Teikning – kommunal flytebryggje



Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Ad pkt.1. Det er helt urealistisk at det noen gang vil bli satt i gang en planprosess med bred medvirkning fra omgivelsene. Det er ingen av oss som bor langs Kvamsvågen som har interesse eller ressurser til å sette i gang en slik prosess mot en helhetlig reguleringsplan for et felles småbåtanlegg for oss på østsiden av Kvamsvågen.

Ad pkt.2. Området flytebryggen skal legges i blir ikke brukt i det hele tatt, hverken til friluftsliv på sjøen eller i strandsonen som er et uframkommelig stup. Denne delen av strandsonen er ikke åpen fra naturens side. Tiltaket det søkes om vil gjøre denne delen av strandsonen mer åpen, ikke bare for oss som bor her, men også for besøkende.

Dersom man foretar en befaring vil det bli åpenbart at tiltaket ikke skader natur- eller kulturmiljøet. Faktisk vil man med en befaring kunne se hvordan det eksisterende kulturmiljøet, i form av brygger og kaianlegg, eroderes av bølger fra båttrafikken gjennom Alverstraumen. Dette vil beskyttes av flytebryggen det søkes om.

Det kan også nevnes at Alver Kommune selv har lagt ut en stor betongflytebrygge som dominerer kulturmiljøet i Kvamsvågen.

Ad pkt.3. Grunnen til at flytebryggen er 20 m lang er at den skal fungere som en beskyttende bølgebryter. Dersom forvaltningen finner at tiltaket er akseptabelt hvis det er mindre, vil jeg akseptere en kortere flytebrygge.»

Tilleggsopplysningar frå klagar er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Vær- og sjøforhold

Når det blåser fra nord, bygger det seg opp krapp sjø. Ekspress katamaranene passerer flere ganger daglig, og kaster opp enda mer sjø. Jeg har selv fått ødelagt en båt grunnet dette. Om vinteren når nordavinden blir sterkere, må vi derfor finne annen båt plass for båtene våre, eller vi må ta de på land. Hovedgrunnen til at jeg ønsker å bygge en flytebrygge er for å kunne ha glede av båtliv og fiske året rundt, uten å måtte engste meg for å miste enda en båt. Jeg har lagt ved en video som viser forholdene i sommer med vindstyrke 8 sekundmeter. Det er adskillig røffere om høsten og vinteren når vinden ofte går opp i 15 sekundmeter og i tillegg hurtigbåtene går forbi.

Naboenes ønske

Østsiden av Kvamsvågen er bebygd med fem naust. Mitt ligger lengst mot nord. Hvis jeg får bygge en flytebrygge som er konstruert slik at den kan virke som en bølgebryter, vil dette derfor komme alle de andre til gode. Jeg legger ved utsagn fra naustenaboene som viser at de ønsker en slik bølgebryter, og at tiltaket vil komme alle til gode.

Kulturmiljøet

I avslaget fra Plan og byggesak er kulturmiljøet og landskapet i Kvamsvågen trukket inn. Jeg legger ved 5 bilder av dette. Kulturmiljøet består av fem naust. Mitt naust er bygget i 2009. De neste tre naustene er bygget på 1970-tallet, og er oppført i bølgeblikk og asbestplater. Det siste er et tradisjonelt gammelt naust, men det er dominert av

kommunens 40 meter lange betongflytebrygge som ligger rett innenfor. Kulturmiljø er definert som «et område der kulturminner inngår i en større sammenheng eller helhet» (Store norske leksikon). Jeg har vanskelig for å se at østsiden av Kvamsvågen kan kalles et kulturmiljø med denne definisjonen, og enda vanskeligere å forstå at dette miljøet vil forringes av en flytebrygge til.»

Det vert vist til klagen og tilleggsopplysningar i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) §19-2 er eit unntak frå hovudregelen om at arealbruk i kommunen skal styres gjennom dei rammer som vert vedtatt i arealplanane. Ingen har eit rettskrav på dispensasjon. Om dispensasjon skal gis beror på ei konkret, skjønnsmessig heilskapleg vurdering kor alle relevante interesser vert belyst og vektlagt.

Det er to vilkår som må vera oppfylt for at kommunen kan gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føreseigna det vert dispensert i frå, omsyna i lovens føremålsbestemmelse eller nasjonale og regionale interesser ikkje verta vesentleg sett til side, jf. pbl. §19-2 andre ledd første punktum. For det andre skal fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering, jf. pbl. §19-2 andre ledd andre punktum. Begge vilkåra må vera oppfylt for å kunne gje dispensasjon.

Omsyna som ligg bak føreseigna det vert dispensert ifrå, omsyna i lovens føremålsbestemmelse eller nasjonale og regionale interesser, må gjere seg gjeldande med ei viss tyngde for at kravet om vesentleg tilsidesetting skal vere oppfylt. I vurderinga om vesentlighetskravet vert tilsidesett, så skal det leggst særleg vekt på dispensasjonens konsekvensar for dei nasjonale omsyna helse, miljø, jordvern, sikkerheit og tilgjenge, pbl. §19-2 tredje ledd.

Første spørsmål er om dei omsyna, som ligg bak plankravet KDP pkt. 2.2 og frå byggeforbodet langs 100 meters beltet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8, gjer seg gjeldande med særleg tyngde og vert vesentleg sett til side med bygget, jf. pbl. §19-2 andre ledd første punktum.

Andre spørsmål er om fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf. pbl. §19-2 andre ledd andre punktum.

I interesseavveininga av fordeler og ulemper, så skal fordelane avgrensast til forhold som ivaretek generelle areal- og ressursdisponeringsomsyn. Dersom nasjonale og regionale interesser er tilstades, men vert vurdert av kommunen å ikkje vere vesentleg tilsidesett, så skal uttale frå nasjonale og regionale mynde vere ein del av den samla vurderinga om fordelane er klart større enn ulempene. I tillegg kan spesielle sosialmedisinske, personlege og menneskelege omsyn påberopast, herunder økonomi, men det skal fortsatt førstast ein restriktiv praksis når det gjeld vektlegginga av desse. Det må liggje føre ein klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon etter ei samla vurdering.

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Det er søkt om dispensasjon frå plankravet gjeve i KDP pkt. 2.2 samt frå plan- og bygningslova § 1-8 for utlegging av flytebrygge knytt til eigedom gbnr 141/38, det er i søknad argumentert for behov for flytebrygge med bakgrunn i beskyttelse mot bølger og vind. Det er søkt om tiltak som skal fungere som bølgebryter for å beskytte eksisterende naust og kaianlegg.

Krav om utarbeiding av reguleringsplan for område avsett til bygg og anlegg er lagt inn i planen for å sikre heilskapleg utbygging der omsyn knytt til parkering, køyretilkomst, vatn og avløp samt avklaring der problemstillingar knytt til tryggleik i høve ras, miljø og flaum vert vurdert og utgreia. Plankravet skal sikre at området for til dømes småbåtanlegg skjer i høve til en større plan for området, der behov, plassering, og konsekvensar for natur og samfunn vert heilskapleg vurdert. Dette hindrer "bit for bit" utbygging som kan være uheldig. Plankravet knytt til småbåtanlegg skal sikre at det vert gjort grundige vurderingar av konsekvensene for sjøtrafikk, fortøyning, og bølgepåvirkning, samt tiltakets påvirkning på miljøet.

Det at ein ikkje har lagt inn byggegrense mot sjø i området er etter administrasjonen si vurdering med på å underbygge behovet for ein planprosess ved framtidig realisering og utnytting av areala. Ein planprosess vil sikre brei medverknad frå omgjevnadane og vil og vere demokratisk forankra.

Omsynet bak gjeldande føresegn vert vesentleg tilsidesett: I 100-metersbeltet langs sjø skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. plan- og bygningsloven § 1-8 første ledd. Tiltaket ligg i eit område av nasjonal interesse, og er knytt til ein enkel bustad, noko som gjer tiltaket uforholdsmessig stort for privat bruk. Tiltaket vil bidra til privatisering av strandsona, noko som er i strid med det nasjonale målet om å halde strandsona open.

Statsforvaltaren i Vestland rår i frå å gje dispensasjon med bakgrunn i nasjonale interesse knytt til både kulturmiljø og landskap i indre farlei, samt at tiltaket ikkje er eit fellesanlegg. Det er påpeika at eventuelle skjermingstiltak mot bølger bør vurderast gjennom ein heilskapleg reguleringsplan. Statsforvaltaren påpeikar også at området er i ein pressa sone med strengare krav til dispensasjon.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at fordelane ved tiltaket ikkje klart overstig ulempene. Sjølv om tiltaket vil kunne beskytte eksisterande anlegg mot bølger, er det allereie ei brygge på eigedomen. Vidare er det viktig å vurdere tiltak som dette i eit større perspektiv, gjennom reguleringsplan, for å sikre ei meir heilskapleg tilnærming til bølgebryting og småbåtanlegg.

Alver kommunen finn at vilkåra for dispensasjon ikkje er oppfylt, då omsyna bak plankravet gjeve i KPD pkt. 2.2 og plan- og bygningsloven § 1-8 vil verte vesentleg tilsidesette. Vidare er det administrasjonen si vurdering at fordelane ved planlagt tiltak er ikkje klart større enn ulempene. Søknad om dispensasjon vert avslått.»

Vurdering i klageomgangen

I uttale frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 31.07.2024, så vert det vist til at landskap og friluftsliv på sjø er aktuelt. Tiltaka ligg i den indre farleia som er rekna som kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Tiltaket er stort for å berre sørve ein bustad. Det er allereie ei brygge på eigedomen. Det er unødvendig å ta i bruk meir strandlinje for eit småbåtanlegg.

Reguleringsplan for område vil kunne vurdere dei beste plasseringane for småbåtanlegg eller fellesanlegg samt kva storleik ein kan ha på brygger. Ein reguleringsplan kan også vurdere dei beste løysingane for skjerming mot bølger på ei meir heilskapleg måte. Tiltaket medfører ei bit for bit utbygging som vil vere uheldig i området. Området ligg i sone to i planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Områda har press på areala. I slike områder skal det mykje til for å dispensere frå plankravet.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon som omsøkt.

Etter kommunedirektøren sitt syn, så viser etablering av ei større flytebrygge som skal etablere bølgebrytar for området, at tiltaket krev ein planprosess. Dette for å sikre omgjevnadane si medverknad og at alle i området får ivareta sine interesser.

Vidare er det vurdert at ei så stor flytebrygge vil verke privatiserande for ålmenta som nyttar sjøvegen, sjølv om terrenget på aktuell eigedom ikkje er framkommeleg frå land vil ei flytebrygge på 20 x 3 meter vere privatiserande for dei som nyttar sjøvegen.

I klageomgangen er det vurdert at dei omsyna som ligg bak plankravet KDP pkt. 2.2 og frå byggeforbodet langs 100 meters beltet langs sjø gjeve i pbl. 1-8 gjer seg gjeldande med særleg tyngde og vert vesentleg sett til side med tiltaket, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første punktum.

I klageomgangen er det vurdert at det ligg ikkje ein klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon etter ei samla vurdering. Fordelane ved å gje dispensasjon er ikkje klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre punktum.

Vilkår for å gje dispensasjon er ikkje tilstades. Søknaden om dispensasjon frå plankravet kytt til småbåtanlegg innan BAB gjeve i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen pkt. 2.2 og frå plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8, som gjeld byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjøen for utlegging av flytebrygge samt etablering av landgang og gangsti knytt til eigedom gbnr 141/38 i Kvamsvågen, vert avslått, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Subsidiært – APM finn at vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er tilstades.

Dersom APM finn at dei rettslege vilkåra i pbl. § 19-2 andre ledd første og andre punktum er oppfylt, «kan» kommunen velje å gje varig eller midlertidig dispensasjon, jf. pbl. § 19-1 første ledd første punktum.

Klagar viser til at Alver Kommune har lagt ut en stor betongflytebrygge som dominerer kulturmiljøet i Kvamsvågen.

Rettsleg sett kan ein mindre sak vere av prinsipiell betydning og ha vidtrekkande konsekvens ut over seg sjølv. Dispensasjonen sin presedensverknad og kravet om likebehandling for like rettslege og faktisk saker er ein del av «kan» vurderinga til kommunen. Det opp til kommunen å avgjere om det er ønskeleg å gje dispensasjon eller ikkje med omsyn til presedens og likebehandling såframt dei rettslege vilkåra i pbl. § 19-2 andre ledd første og andre punktum er oppfylt.

Klagar påberoper seg ulovfestet likebehandling for rettsleg og faktisk like saker. Vilråa om rettsleg og faktisk like saker er kumulative vilrå (begge vilrå må vere oppfylt). Rettsleg like saker vil til dømes vere der lov og plangrunnlag er likt. Faktisk like saker vil til dømes vere der tiltaka og tilhøva rundt tiltaket er dei same slik som kai og flytebryggje. Rettsleg og faktisk like saker skal likebehandlast og medfører presedens.

Kommunal flytebrygge er godkjent i historisk sak 1996/3411 i tidlegare Lindås kommune på eigeom gbnr 141/11 som gjeld flytebrygge omfatta av reguleringsplan Kvamsvågen/planid.: 1263-25082004, sjå løyve, situasjonskart og teikning under Kart/foto.

Flytebryggja, som er 36m² lang, er ein del av arbeidet med å sikre ein offentleg bade plass i Kvamsvågen. Klagar si flytebryggje er til privat bruk. Klagar kan ikkje påberope seg faktisk lik sak og usakleg forskjellshandsaming for ei kommunal bryggje som skal tene almenda sine interesser når klagars bryggje er til privat bruk. Dette til tross for at klagar viser til at naboar ønskjer seg bølgebrytar på østsida av Kvamsvågen.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom fram til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast fram krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort.

Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.

- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg

- 1 Dispensasjonssøknad til Plan- og byggesaksavdelingen
- 2 Flytebrygge Kvamsvågen Søknad om dispensasjon.pdf
- 3 Nabovarsel Sigrid.pdf
- 4 Nabovarsel Arnljot.pdf
- 5 Nabovarsel Bjarne.pdf
- 6 Nabovarsel Sigfred.pdf
- 7 Tegning.pdf
- 8 Snittegning.pdf
- 9 Situasjonsplan.pdf
- 10 Foto.pdf
- 11 E-post.pdf
- 12 Førebels svar trong for tilleggskommunikasjon - Gbnr 141/38 - Kvamsvågen 24
- 13 Ber om uttale - Tiltak i sjø - Dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 141 bnr. 38 - Alver kommune.pdf

- 14 Uttale vedr - Oversending av søknad til uttale – flytebrygge med tilhørende utriggere og landgang - gnr-bnr 141-38, Kvamsvågen, Alver kommune.PDF
- 15 Uttale - dispensasjon - Alver 141_38 - Kvamsvågen 24 - flytebrygge.pdf
- 16 Tilleggsdokumentasjon til søknad om dispensasjon - flytebrygge - gbnr 141/38 - Kvamsvågen 24
- 17 Tilleggsdokumentasjon.docx
- 18 Opplysningar gjeve i nabovarsel.pdf
- 19 Vedlegg 1.pdf
- 20 Vedlegg 2.pdf
- 21 Vedlegg 3.pdf
- 22 Vedlegg 4.pdf
- 23 Vedlegg 5.pdf
- 24 Vedlegg 6.pdf
- 25 Vedlegg 7.pdf
- 26 Vedlegg 8.pdf
- 27 Vedlegg 9.pdf
- 28 Vedlegg 10.pdf
- 29 Vedlegg 11.pdf
- 30 Avslag på søknad om dispensasjon frå plankrav og plan- og bygningslova § 1-8 - Gbnr 141/38 Kvamsvågen 24
- 31 Klage på avslag.pdf
- 32 brev.pdf
- 33 Stadfesting av motteke klage på avslag - gbnr 141/38 Kvamsvågen 24
- 34 Tilleggsopplysninger til klage på avslag - gbnr 141/38 Kvamsvågen 24
- 35 Bris fra nord.mp4
- 36 Tilleggsopplysninger til klage.pdf
- 37 Anbefaling Bjarne Gunnar.jpg
- 38 Anbefaling Helge.jpg
- 39 Anbefaling Magnus.jpg
- 40 Anbefaling Oddvar.jpg

- 41 Bjarne Gunnar.jpg
- 42 Magnus.jpg
- 43 Oddvar.jpg
- 44 Helge.jpg
- 45 Oversikt.jpg
- 46 Avstandserklæring Arnljot.pdf
- 47 løyve flytebrygge gbnr 141_11
- 48 situasjonskart flytebrygge gbnr 141_11
- 49 tegningar flytebrygge gbnr 141_11
- 50 Godkjent naust - 16.03.2006